

Referat frå årsmøte i Musica Sacra 2023

*Fredag 30. juni 2023 kl. 21.00 på Sund folkehøgskole
i Inderøy i Nord-Trøndelag*

Det var 20 til stades.

Sak 1: Velkomsthelsing ved leiar Anne Karin Stormyr med orienteringar:

- a) Minneord etter Magnar Mangersnes
- b) Styret vil senda gratulasjonshelsing til Ragnhild Jebsen som ny biskop i Bjørgvin. Ho har vore aktiv i Musica Sacra.

Sak 2: Val av møteleiar:

Anne Karin Stormyr vart valt.

Sak 3: Val av 2 referentar og teljekorps:

Referentar: Anne Lise Grøm og Ingunn Aune Steinbakken

Teljekorps: David Scott Hamnes og Dorte Fiskaa

Sak 4: Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste er lagt ut på nettsida.

Innkallinga og sakslista vart godkjente utan merknader. Ekstra saker er ikkje komne inn frå medlemmene innan fristen, men styret hadde ein ekstra sak om arkivering og digitalisering.

Sak 5: Årsmelding 2022:

Skrivar Anne Lise Grøm gjekk gjennom årsmeldinga.

Årsmeldinga for 2022 vart godkjent med merknaden om at tittelen på tingsingsverket blir ført inn, og nokre rettingar av namn.

Sak 6: Årsrekneskap for 2022:

Kasserar Magne Emberland gjekk gjennom årsrekneskapen.

Rekneskapen vart godkjent.

Styret har skaffa seg Vipps.

Sak 7: Kontingent:

Kontingenten er 250 for vaksne, 150 for vaksen nr 2 pr. familie, og barne/ ungdom og student opp til 26 år er kr 50. Barna generer midlar frå Frifond.

Årsmøtet godkjenner styrets forslag om ikkje å auka kontingenten, men viss det kjem varsel om endringar, jamfør medlemskontingent frå NKSF eller Ung Kyrkjesang, får styret fullmakt til å endra kontingenten.

Sak 8: Budsjett 2023:

Kasserar Magne Emberland gjekk gjennom budsjettframlegget.

Budsjettet vart godkjent.

Sak 9: Handlingsplan

Handlingsplanen vart godkjent med små merknader og ei endring når det gjeld tingsingsverk.

Endringsforslag: Vi vil tinga ny kyrkjemusikk viss økonomien tillét det. Tingsingsverk skal urframførast på sommarkurset. Endringsforslaget vart vedtatt.

Sak 10: Val

Ragnhild Zetterstrøm og Astri Marie Bauer har vore i valnemnda.
Astri Marie presenterte framlegget frå valnemnda.

Leiar: Ingunn Aune Steinbakken vart valt som ny leiar for 1 år. På val i 2024

Styremedlemmer:

Anders Eidsten Dahl: attval for 2 år, på val i 2025

Britta Schäfer: Ny for 2 år, på val i 2025

Magne Emberland Ikkje på val, på val i 2024

Anne Lise Grøm Ikkje på val, på val i 2024

Vara:

1. vara: Ellinor Grimnes attval for 1 år, på val i 2024

2. vara: Corinna Stamm på val i 2024

Valnemnd:

Nye: Anne Karin Stormyr og David Scott Hamnes, på val i 2024

Revisor:

Ny: Håkon Kuntze, på val i 2024

Alle vart samrøystes valde.

Sak 11: Arkivering og digitalisering av Musica Sacras data frå 1952:

Osmund Fiskaa fortalde at det offentlege står til gratis disposisjon.

Referent

Anne Lise Grøm

Anne Lise Grøm

Sund folkehøgskole 30.06.23

Vedlegg:

Årsmelding

Rekneskap

Budsjett

Handlingsplan

Signering: Sund folkehøgskole 01.07.23

Anne Lise Grøm

Sign.

Ingunn Aune Steinbakken

Sign.